



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 16.03.2016
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 17:00 - 20:45

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 07.03.16 og tilleggsinnkalling dat. 10.03.16 og møtet var kunngjort i pressa 19.02.16.

Kommunestyret starta med spørjetime.

Tor Oscar Maaseide og Morten Klementsens var ikkje til stades ved handsaming av sakene 21 - 24.

Av 27 representantar var 26 til stades ved handsaming av sak 15-20 og 25-28.
Av 27 representantar var 24 til stades ved handsaming av sak 21-24.

Erling Rønnestad fekk permisjon frå kl. 19:40.
Torbjørn langeland møtte som vara frå kl. 19:40.

Thomas H. Wallem var utgild i handsaming av sak 27.
Marthe Aadland møtte til sak 27.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 17:55 - 18:00 og frå kl. 19:15-19:20.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 19:55 - 20:05.

Frå kl. 18:00 - 19:15 presenterte Jannicke Neteland Olsen, Kjell Erik Myre og Sindre Lillebø frå Statens vegvesen oppdaterte planar for E39 Flatøy-Eikefett-tunnelen og nytt trafikksystem.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem

Mabel Johansen	H	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Klementsens	BF	Medlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem
Tor Oscar Maaseide	FrP	Varamedlem
Torbjørn Langeland	KRF	Varamedlem
Charles Lindberg	V	Varamedlem
Nina Åsebø Olsvoll	V	Varamedlem
Åshild Aamli	MDG	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Beate Seveline Eknes	V
Karina Garnes Reigstad	MDG
Sigmund Larsen	FrP
Silje Ingelin Sæterstøl	V
Ørjan Evald Kristiansen	FrP

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, kommuneoverlege Tord Moltumyr, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

17. mars 2016

Øyvind Oddekav
Ordfører

Randi Hilland
Konsulent

Nils Marton Aadland
varaordfører

Sakliste

Saknr	Tittel
15/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
16/2016	Godkjenning av møtebok
17/2016	Referatsaker
18/2016	Orientering om status kommunestruktur
19/2016	Nordhordland kommune - oppdatert og utvida intensjonsavtale
20/2016	Konsekvensar ved å halde fram som eigen kommune
21/2016	Revidering av investeringsbudsjett 2016
22/2016	Budsjettendring, omlegging vatn- og avlaupsleidningar Moldekleiv
23/2016	Finansrapport 2015
24/2016	Årsmelding om arbeidet i Fellesrådet 2015
25/2016	Reglement for Meland Eldreråd
26/2016	Elbil strategi - kommunal tenestebilpark
27/2016	Reguleringsplan Hoplandsdalen jorddeponi - Avklaring av redusert planforslag - Orientering til kommunestyret om avvisning av klage
28/2016	Framdriftsplan for gamle Holsnøy meieri til kulturføremål

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	16/446

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
15/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Kommunestyret - 15/2016

KS - behandling:

Det var sendt ut ei tilleggsinnkalling med 2 ekstrasaker.

KS - vedtak:

"Innkalling og sakliste med 2 tilleggssaker vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	16/446

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
16/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Godkjenning av møtebok frå møte 10.02.16

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 10.02.2016

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Møtebok frå møte 10.02.16 vert godkjent."

Kommunestyret - 16/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

"Møtebok frå møte 10.02.16 vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	16/446

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
17/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
17/2016.1	Protokoll frå møte i Forhandlingsutvalet for kommunestruktur 09.02.16
17/2016.2	Protokoll frå møte i Forhandlingsutvalet for kommunestruktur 16.02.16
17/2016.3	Protokoll frå møte i Forhandlingsutvalet for kommunestruktur 23.02.16
17/2016.4	Protokoll frå møte i Forhandlingsutvalet for kommunestruktur 01.03.16
17/2016.5	Kommunestruktur - Nordhordland - Intensjonsavtale - Helsing frå kommunalministeren
17/2016.6	Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Meland kommune
17/2016.7	Referat fra strategimøte i BOH 27.11.15
17/2016.8	Signert Årsmelding 2015 - Ungdomsrådet i Meland
17/2016.9	Underteikna intensjonsavtale for ny kommune d. 01.03.16
17/2016.10	Kopi av brev sendt Hordaland Fylkeskommune, Samferdsel - Sambandet vest - Innspel til Regional transporplan 2018-2029

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Kommunestyret - 17/2016

KS - behandling:

Følgjande skriv vart refererte:

Tormod Skurtveit, skriv nr. 8:

Kvifor er årsmelding frå Ungdomsrådet referatsak, medan årsmelding frå Fellesrådet politisk sak.
Administrasjonen svarte at Fellesrådet er eit lovpålagt organ, medan Ungdomsrådet ikkje er lovpålagt.

Stian Lavik, skriv nr 7:

Misnøye vedk. strategien i Bergen og omland havnevesen BOH.
Ordførar orienterte.

Asbjørn larsen, skriv nr 10:

Ønskte informasjon om prosessen framover.
Ordførar orienterte om arbeidet som er gjort.

KS - vedtak:

"Meldingane og orienteringane vert tekne til orientering."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	16/446

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
18/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Orientering om status kommunestruktur

Kommunestyret - 18/2016

KS - behandling:

Ordfører opplyste at saka vil verte grundig belyst i sak 19 og 20.

KS - vedtak:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 002	16/235

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
19/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Nordhordland kommune - oppdatert og utvida intensjonsavtale

Vedlegg:

Underteikna intensjonsavtale for ny kommune d. 01.03.16
Kommunestruktur - Nordhordland - Intensjonsavtale - Helsing frå kommunalministeren
Intensjonsavtale - samanlikning av intensjonsavtalane mellom 3 og 8 kommunar
Samanlikning av avtalane

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Denne saka omhandlar høringsperiode for ein utvida intensjonsavtale der kommunane Meland, Lindås, Radøy, Austrheim, Fedje; Modalen, Masfjorden og Gulen er med.

Den utvida avtalen er tufta på den avtalen som vart inngått mellom Lindås, Meland og Radøy og som kommunestyret vedok å leggje på høyring 10. februar. Avtalane er i hovudsak like, men 3-kommuneavtalen er utvida, slik at den høver for alle 8 kommunar. På eit par punkt er det teke inn noko nytt. Det gjeld særleg under økonomi (oppretting av ulike fond) og demokratimodell (oppretting av lokalstyre i Modalen). Ut over det er det kun redaksjonelle endringar. Som vedlegg til saka ligg eit oversyn over kva skilnader det er mellom dei to avtalane.

Historikk

Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å endra kommunestrukturane. Dette arbeidet gav viktig kunnskap og grunnlagsmateriale, som kommunane har hatt nytte av i arbeidet som vart formalisert etter Stortingsvedtaket om kommunereforma i 2013.

Kommunestyret i Meland vedtok i sak 77/2014 følgjande:

«Meland kommune går i relle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interesserte i dette. Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet. Malen for intensjonsavtale og framdriftsplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren

2015. Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort av kommunestyret våren 2016.

For å sikre at alle folkevalde er orienterte om utviklinga i arbeidet med ny kommunestruktur, så ber kommunestyret rådmannen om løypemelding i kvart formannskapsmøte og kommunestyremøte.»

Vidare vart det i sak 47/2015 gjort slikt vedtak:

«1. Meland kommune held fram forhandlingane med Lindås og Radøy kommunar. Det blir presisert at kommunar i Nordhordland som ynskjer å slutte seg til desse forhandlingane er velkomne til dette. Dette bør i så fall skje innan 01.01.2016. Det som er framforhandla mellom dei tre kommunane ligg til grunn for det vidare arbeidet dersom fleire kommunar sluttar seg til desse forhandlingane.

2. Konsekvensen av å fortsetja som eigen kommune må synleggjerast før ein tek endeleg stilling til ny kommunestruktur.»

Fram til sommaren 2015 deltok Meland kommune i tre ulike utgreiingar/samanslåingsprosjekt. Det eine omfatta Meland, Radøy og Lindås og det andre omfatta opphøveleg i tillegg Modalen, Masfjorden, Gulen, Solund og Fedje. Det tredje var ei utgreiing saman med Bergen kommune. Fleire av kommunane har og delteke i andre utgreiingar. Meland og Radøy har gjennom vedtak i kommunestyret trekt seg frå Nordhordlandsalternativet.

Forhandlingane med sikte på å samle heile Nordhordland og Solund til ein kommune starta opp våren 2015. Oppstartmøte vart halde på Alver Hotell 16. april 2015, der også statsråd Jan Tore Sanner var til stades. Forhandlingane byggjer på to rapportar frå Telemarksforsking som Regionrådet fekk utarbeidd i 2013. 1. Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Norhordland dagsett 17.06.2013 og 2. Rapport om kommunestruktur i Norhordland fase 2, dagsett 20.12.2013.

Parallelt med det store løpet starta Lindås, Meland og Radøy opp arbeidet med ei utgreiing som skulle svara på kvifor ein skulle byggja ein ny kommune. Utgreiinga er fylgt opp etter valet hausten 2015 og den endelege intensjonsavtalen er eit resultat av denne prosessen. Gulen og Masfjorden har og gjennomført forhandlingar med sikte på å skipe ein ny kommune.

Undervegs forlet fleire av kommunane det store løpet. Først ut var Meland kommune med vedtak i juni 2015, fulgt opp av Radøy kommune og seinare Austrheim kommune.

Austrheim kommunestyre fatta på møte 11.11.15 sak 100/15 slikt vedtak

«Med bakgrunn i uttalelser frå sentrale politikarar og enkeltvedtak i deltaka kommunane, og det faktum at to av dei største og folkerikaste kommunane har trekt seg frå forhandlingane, ser Austrheim Kommunestyre prosjektet «Felles kommune i Norhordaland» som skrinlagt.

Austrheim kommunestyre vel difor å trekja seg frå forhandlingane.

Austrheim Kommunestyre ber administrasjonen starta arbeidet med ei utgreiing av konsekvensar ved at Austrheim fortset som eigen kommune. Utgreiinga må ligja føre i April 2016.

Austrheim kommunestyre ber folhandlingsutvalet om:

- Ta kontakt med Fedje, Gulen, Solund og Masfjorden om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune, med ein eller fleire av desse.*
- Ta kontakt med Lindås, Meland og Radøy om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune med ein eller fleire av desse.»*

Bilde over kven som forhandla med kven vart etter kvart noko uoversiktleg. På møte i regionrådet 19. november 2015 vart det difor fatta slikt vedtak:

«Kommunereformprosessen i Nordhordland vidare - råd frå Regionrådet 19. november 2015.

- 1. Regionrådet ber om at reformprosessen i sør (Lindås, Meland, Radøy) og i nord (Gulen og Masfjorden) vert gjennomført så raskt så mogeleg innan midten av februar 2016.*
- 2. Det store Nordhordlandsalternativet vert vurdert på nytt frå februar til april med bakgrunn i dei avtalar som er forhandla fram - og avklaring av ytre forhold som inntektssystem og meir - og avhengig om nokon vil slutta seg til de alternativa (nord og sør) som er forhandla fram.*
- 3. Regionrådet brukar resterande midlar mottatt frå fylkesmannen til å førebu sluttforhandlingar om sør- og nordalternativet og / eller bistår kommunane i sitt reformarbeid fram til mars».*

Etter at intensjonsavtalen mellom dei 3 kommunane i Sør (Lindås, Meland og Radøy) var underskiven vart dei andre kommunane i Nordhordland inviterte til å nye drøftingar med grunnlag i vedtaket frå Regionrådet. Siktemålet med invitasjonen var å finne ut om det var grunnlag for at fleire kommunar kunne slutta seg til avtalen, eventuelt med mindre justeringar.

Intensjonsavtalem for Lindås, Meland og Radøy vart presentert og gjennomgått grundig på Nordhordlandstinget 28. januar 2016. Under møtet vart det konstatert at det er vilje til å gjere eit nytt forsøk på å få til ein felles intensjonsavtale for heile Nordhordland, men no utan Solund. Det er dette som ligg til grunn for den intensjonsavtalen som no vert lagt fram for dei respektive kommunestyra med sikte på offentleg utlegging. Endeleg vedtak om eventuell ny kommune skal gjerast i ein felles møtedag for alle kommunatyra 22. juni 2016.

Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny kommune vil stå sterkare for å løysa utfordringane i framtida enn dei eksisterande kommunane har kvar for seg. Den nye kommunen får vel 36 000 innbyggjarar og vil dekke eit areal på 2 183 km². Dette inneber at Nordhordland kommune er den største kommunen i Hordaland og blant dei 23 største kommunane i landet målt etter folketal.

Etter at intensjonsavtalen er handsama i kommunestyra, vert det lagt opp til ein medverknadsprosess. Kvart kommunestyre avgjer sjølv kor tid og korleis dette skal skje.

Denne saka omhandlar intensjonsavtalen for ein kommune i Nordhordland, dvs ein kommune som vil bestå av dei noverande kommunane Gulen, Masfjorden, Modalen, Fedje, Austrheim, Lindås, Radøy og Meland.

«Nordhordlandsalternativ» som no vert lagt fram må handsamast etter prinsippa for innbyggjarhøyring på same vis som andre alternativ til framtidige kommunar.

Vurdering

Den utvida Intensjonsavtalen for 8 kommunar bør leggjast ut på høyring fram til 10 april, slik det vart vedteke å gjere med 3-kommune avtalen. Den utvida avtalen har vore presentert på dei folkemøta som var 2., 3., 9. og 10. mars. Innspel til begge avtalane vert å handsame etter høyringsperioden er omme.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret legg «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Masfjorden, Gulen, Fedje og Modalen sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 1. mars 2016 ut på høyring. Høyringsperioden vert sett frå 17. mars til 10. april.

Kommunestyret - 19/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

"1. Kommunestyret legg «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Masfjorden, Gulen, Fedje og Modalen sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 1. mars 2016 ut på høyring. Høyringsperioden vert sett frå 17. mars til 10. april."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 002	16/235

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2016	Formannskapet	PS	02.03.2016
20/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Konsekvensar ved å halde fram som eigen kommune

Vedlegg:

Nordhordland ein kommune - 2020?

Nytt inntektssystem for kommunane - konsekvensar for Nordhordland

Statistikk alder og kompetanse Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret sitt vedtak i sak 47/2015:

...»2. Konsekvensen av å halde fram som eigen kommune må synleggjerast før ein tek endelig stilling til ny kommunestruktur».

Vurdering

Kommunestyret skal på grunnlag av Stortingsvedtak ta avgjerd om kommunestruktur i juni månad. Valet står mellom å byggja ein ny kommune, eller å gå vidare som Meland kommune.

Intensjonsavtale om å byggja ny kommune er underskriven av ordførarane i Lindås, Meland og Radøy, men med opning for at fleire kommunar kan slutta seg til. Handsaming av eventuell samanslåing er lagt opp til å skje i ekstramøte i kommunestyre 22.06.16.

Alternativet til vedtak om samanslåing er å halda fram som eigen kommune. Det er difor viktig for politikarane å kunne vurdere kva det vil sei å fortsetja som eigen kommune (heretter kalla Meland-alternativet). Nedanfor er nokre utvalde drøftingspunkt i høve dette.

Dette er ikkje ein uttømande analyse over konsekvensane av å stå att som eigen kommune etter at det frivillige løpet vert avslutta 01.07.2016. Det er og umogeleg å synleggjere alle konsekvensar, då rammevilkåra endrar seg. Ut frå den kjennskap vi har til Meland kommune som organisasjon, dei utfordringane vi har i dag og dei endringane som er varsla kan vi peike på nokre konsekvensar. Målet har vore å gjere denne «analysen» så nøytral og objektiv som mogeleg. Rådmann ser likevel at det er lett for å bli oppfatta som talsmann for det eine eller andre synet, sjølv om dette ikkje er meininga.

Det kan i utgangspunktet ikkje synast nødvendig å gjera ei omfattande drøfting av Meland-alternativet, då vi ved dette alternativet held på dagens struktur. Men kommunereforma, med føremål om å få til ein reduksjon i tal kommunar og nytt inntektssystem, legg opp til ei rekkje endringar for kommunane. Meland-alternativet vil også på bakgrunn av dette medføra endringar fram i tid i høve til korleis vi kjenner kommunen i dag.

Meland er i dag ein relativt stor kommune med sine knappe 8000 innbyggjarar. I areal er vi ein liten kommune. Dersom det skjer store strukturendringar rundt oss og i resten av Norge kan vi fort bli ein liten kommune, både med omsyn til innbyggjartal og areal, i regional og nasjonal målestokk. Sjølv med den venta årlege veksten vi vedtok i kommuneplanen vil det ta tid før vi kan reknast som ein stor kommune.

Sluttrapport frå ekspertutval om kriterium for god kommunestruktur vart gitt ut i desember 2014. Denne gir innsikt i kva som skal til for at ein kommune på ein god måte skal kunne ivareta sine fire roller og oppgåveløysing knytt til rollene. Dei fire rollene er tenester, utøving av mynde, samfunnsutvikling og demokratisk arena.

I ekspertutvalet sin rapport frå 2014 vert det tilrådd ti kriterium som grunnlag for å vurdere kommunen si oppgåveløysing i dag og framtidig kommunestruktur:

1. Tilstreккеleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstreккеleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet

I samband med forhandlingsmøte om kommunestruktur i det store Nordhordlandsalternativet gjekk forhandlingsutvala i kommunane gjennom dei ti kriteria og analyserte sterke og svake sider ved samanslåing knytt til kriteria. Dette er summert opp i **rapport frå Nordhordland utviklingselskap frå 17.08.15 (Nordhordland – ein kommune 2020?)** Denne ligg som vedlegg i saka.

Intensjonsavtalen som er inngått mellom Lindås, Meland og Radøy peikar på fordelar og ulemper ved kommunesamanslåing som kan gi eit utgangspunkt for å vurdere konsekvensar av at Meland kommune består:

«Det er fordelar og ulemper ved å etablera ein ny kommune. Utgreiinga peika på fordelar ved sterkare fagmiljø (t.d. innan barnevern) som sikrar rekruttering og god og spissa kompetanse, betre kvalitet og mangfald på tenestetilbodet, betre heilskapleg arealutnytting, moglegheiter til å prioritera næringsarbeid, godt jordvern samt større påverknadskraft overfor sentrale og regionale myndigheiter. Den nye kommunen vil bli ein større og meir ressurssterk kommune med betre økonomisk soliditet, og vil dermed vera betre i stand til å handtere nye og større oppgåver samt omstilling innan arbeidsmarknaden. Den nye kommunen vil stå betre rusta til å møte den kraftige veksten i innbyggjartal (44 000 i 2040) med eit auka tal eldre.

Nokre av ulempene vil kunne vera større geografisk avstand innan kommunen (både for innbyggjarar, tilsette og folkevalde), konsentrasjon av kommunale tenester, lengre beslutningslinjer, svekka lokalkunnskap hjå sakshandsamarar, samt lågare engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane.»

Oppgåver og tenesteutvikling

Regjeringa varslar at større kommunar kan få nye oppgåver. Stortingsmeldinga frå mars 2015 om oppgåveoverføring peikar på følgjande (ikkje utfyllande liste):

Vidaregåande opplæring, allmenntannhelsetenesta, vigselrett, rehabiliteringstenester, DPS (distriktpsikiatriske sentre), VTA (varig tilrettelagt arbeid) og VTO (enkelt plassar i ordinære verksemder), basishjelpemidlar, kollektivtransport.

Oppgåvemeldinga varslar strengt tatt ikkje så mange nye oppgåver, og legg ikkje opp til at mindre kommunar får overført nye oppgåver. Det er difor sannsynleg at Meland som eigen kommune ikkje vil få overført nye oppgåver i særleg omfang. Vi kan bli pålagt å samarbeide med større kommunar som får nye oppgåver. Eit mogeleg senario er færre interkommunale samarbeid, men meir kjøp av tenester frå større kommunar.

Kommunane har i dei siste åra fått tilført mange nye oppgåver og utviklinga går nok i retning av meir omfattande og kompleks tenesteyting, som t.d innan helse- og omsorgssektoren. Kommunen må vera i stand til å handtera ei slik utvikling både med auke i kapasitet og utvikling av tenestene. Meland kommune bruker i dag det meste av ressursane til drift av kjerneoppgåver og vi har lite ressursar avsett til utvikling av tenestene. Kommunen må vera klar for å bruka meir ressursar på utvikling dersom ein held fram å vere eigen kommune. I så fall må vi hente ressursar frå tenesteyting og over i tenesteutvikling.

Vi har knapp kapasitet i dag og med endra økonomiske rammmer som kan bety mindre midlar å drive kommunen for, vert det ei enda større utfordring å yte dei tenester som er venta av kommunen. Brukarane er i dag i stor grad nøgde med dei tenestene vi yter. Dette er dokumentert gjennom brukarundersøkingar. Kritikken går på sakshandsaming, og at terskelen for å få tenester er for høg. Vi får heller ikkje jobbe godt nok med systemretta arbeid og tenesteutvikling. Aukande grad av individfesting av rettar har ført til auka forventningar frå innbyggjarane til kvalitet på kommunale tenester. Det er ressurskrevjande å avstemme forventningar og realisme når det gjeld kommunal tenesteyting.

Vi opplever og at for mange leiarar har for stor arbeidsbelastning og rekk ikkje over dei oppgåver som er venta at dei skal handtere. Medarbeidarane innan fleire tenesteområde melder om at leiarar har for liten tid til personale og er lite tilgjengelig.

Dersom vi skal møte 2020-tallet som eigen kommune, må vi ha ein gjennomgang av dei pliktene vi har til forsvarleg forvaltning og korleis vi organiserer oss. Innen dei fleste område er forvaltninga haltande, og kan ikkje møte nye krav. Det vil ikkje fungere å satse på «status quo»-organisering. Leing og forvaltning må bli tettare integrert. I tillegg til organiseringa må vi knytte til oss fleire folk med spisskompetanse innan forvaltning. Leiarne må setje av mer tid til utvikling og intern samhandling. Dette er mulig å få til som eigen kommune, men ikke med mindre ressursar. Vi må anten tilsetje meir folk, eller kjøpe tenester frå nabokommunar.

Vi kunne vist til mange døme, men vel å ta med eit utviklingsscenario frå helseområdet. Helse- og omsorgstenestene skal gjennomgå ein transformasjon dersom Regjeringa får det som den vil, jf. Stortingsmelding. Krav om primærhelseteam, samlokalisering og betre kapasitet innan forebygging og rehabilitering. Dette vil kreve vekst i helsebudsjetta uansett kommunestruktur. I eigen kommune vil vi måtte utvide det interkommunale samarbeidet i vesentlig større grad, og innan nye område.

Rådmann er skeptisk til at dagens interkommunale organisering er eigna for dette arbeidet. Det er for mange aktører, for trege prosessar og for mykje byråkrati. Vi ser to alternativ til denne utviklinga. Den eine er å etablere eit primærhelseforetak etter IKS-mønster. Alternativ 2 er meir utstrakt bruk av vertskommunemodell og kjøp av tenester. I begge løysingar får det lokale kommunestyret ei mindre

rolle, men tenestene kan fungere dersom vi har gode leiarar.

Samfunnsutviklarrolla er viktig for framtida i Meland. Drøftingar rundt områdeplanar og kommuneplanen viser at dei økonomiske musklane til utviklingskostnader innan plan og infrastruktur er særskild knappe. I Meland-alternativet må ein aktivt ta stilling til korleis ein møter utfordringane i samfunnsutviklarrolla.

Næring og næringsutviklingar og ein sentral del av rolla som samfunnsutviklar. Målet er at Nordhordland skal vere ein region der kommunane legg til rette for eit sterkt næringsliv og aktive bumiljø. Vi skal møte endringar i arbeidsmarknaden, med eit forsterka fokus på arbeidet med omstilling og innovasjon. Dette er viktige oppgåver som det vil vere vanskeleg å arbeide målretta med i Melandsalternativet.

Kompetanse

Det er sannsynleg at kommunane vil møte auka forventingar og fleire og meir omfattande og komplekse krav til tenester i framtida. Dette vert omtala i dokumenta til reforma. Det vert også påpeika at kommunane vil møte eit kompetansebehov som mindre kommunar ventast å vera dårlegare rusta til å møte. Meland kommune vil venteleg få utfordringar knytt til dette.

Pr i dag er den store utfordring å få tak i nok fagarbeidarar. Mange tilsette i denne faggruppa er i alderen 50-64 år, og vi får ikkje tak i nok unge som kan erstatte desse. Vi legg ved eit notat som syner kva utfordringar vi står overfor når det gjeld kompetanse og behovet for nyrekruttering dei neste åra.

Demokrati

Regjeringa viser til at reforma er ei demokratireform, der lokaldemokratiet vert styrkt ved at kommunane får utvida ansvar for oppgåver som i dag er lagt til regionale og nasjonale avgjerdsnivå. Konsekvensane for lokaldemokratiet er det som kanskje er sterkest debattert som ei negativ side ved reforma. Mindre nærleik og lokal representasjon, engasjement og kunnskap er stikkord. Meland-alternativet vil vidareføra dagens organisering og tal folkevalde.

Kommuneøkonomi

For Meland-alternativet står økonomiske vilkår svært sentralt.

Meland kommune har i dag eit godt tenestetilbod, men har svak økonomi. Årsakene finn ein først og fremst her:

- Skattesvak befolkning
- Høg folkevekst over år har pressa kapasiteten vår både på tenesteyting, tenesteutvikling og administrasjon
- Folkeveksten gjer at infrastrukturen vert pressa
- Sosioøkonomiske utfordringar
- Litt kostbar skulestruktur grunna språkdeling.
- Ikkje kraftkommune, ingen andre store industrianlegg som gir ekstraintekter.

Meland kommune kjem dårleg ut med dagens inntektssystem, og kjem endå dårlegare ut med framlegget til nytt inntektssystem. Kva som til slutt blir nytt inntektssystem er enno usikkert, men det meste tyder på at Meland kommune kjem betydeleg dårlegare ut sett mot dagens inntektssystem.

Det er med andre ord ei betydeleg utfordring å sikra økonomien ved Meland-alternativet. Det er heilt sentralt at valet av Meland-alternativet må byggja på ein annan langsiktig økonomisk strategi enn i dag. Meland-alternativet må byggja på eit økonomisk fundament, som sikrar handlingsrom for tenesteyting og utviklingsoppgåver i eit langsiktig perspektiv. Meland har ein eigarpost på 0,76 % i BKK. Denne kan seljast til andre kommunar eller fylkeskommunar, men eit sal gjev uvisst resultat sidan kjøpargruppa er avgrensa og dersom salet vert utløyst pga tvang. Kommunelova har reglar som tilseier at utbyttet skal først i driftsrekneskapen.

For Meland-alternativet må kommunestyret leggja opp til ei økonomistyring som sikrar tenesteyting og handlingsrom for framtida. Det er derfor sterkt tilrådeleg at Meland kommune legg til grunn eit prinsipp om driftsoverskot i budsjett og økonomiplan som svarer til KS sine mål om å ha 1,7 % av brutto driftsinntekter i mindreforbruk. Dette tilsvarar om lag 7 mill kroner årleg i mindreforbruk etter 2016-budsjettet. Endring i inntektssystemet etter den modellen som pr. i dag er kjent vil kunne bety krav om ei årleg innsparing i storleik 13 millionar til nærare 17 millionar kroner.

Nordhordland utviklingsselskap har og laga eit notat om konsekvensane av forslaget til endring i inntektssystemet dagsett 22.01.16. Notatet ligg ved som vedlegg til denne saka.

Konklusjon

Slik råmann ser det vil ikkje ny kommuestruktur løyse alle utfordringane vi står ovanfor i ei vidareutvikling av kommunal sektor. Omstilling og endring vert ein del av kravdagen også i ein større kommune.

Uansett kva resultatet vert - gå saman i ein større kommune eller halde fram som eigen kommune vil det vere tap og gevinstar. Begge løysingane krev politisk leiarskap, både lokalt og sentralt som er villig til å gjere dei grep som skal til for at vi skal ha ein god kommune å bu i. Det betyr at vi må ha økonomiske rammer slik at vi er i stand til å yte dei velferdstenestene vi skal levere, har naudsynt grep om samfunnsutviklinga og er ein aktiv aktør arbeidet med å leggje til rette for utvikling og vekst.

Framlegg til vedtak:

«Sak om konsekvensane av å halde fram som eigen kommune vert teken til vitande.»

Formannskapet - 24/2016

FS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen, SP.

"Rådmannen si utgreiing vert å gjennomgå/drøfta på eit temamøte for medlemmene i kommunestyret, tillitsvalde og andre kommunale råd. Møtet vert halde 27. april 2016."

Avrøysting:

Framlegget frå Sølvi Knudsen vart samrøystes vedteke.

FS – framlegg til vedtak:

"Rådmannen si utgreiing vert å gjennomgå/drøfta på eit temamøte for medlemmene i kommunestyret, tillitsvalde og andre kommunale råd. Møtet vert halde 27. april 2016."

Kommunestyret - 20/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

"Rådmannen si utgreiing vert å gjennomgå/drøfta på eit temamøte for medlemmene i kommunestyret, tillitsvalde og andre kommunale råd. Møtet vert halde 27. april 2016."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 216	16/549

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
20/2016	Formannskapet	PS	02.03.2016
21/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Revidering av investeringsbudsjett 2016

Vedlegg:

Revidert investeringsbudsjett 2016 - framlegg per 22.02. 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Revisjon av investeringsbudsjettet er naudsynt fordi vi har ein del prosjekt som var budsjettert og finansiert i 2015 som vi ikkje vart ferdige med, og nokre som vi ikkje kom i gong med i 2015 som planlagt i budsjettet. Nokre av desse er budsjettert på nytt i 2016 fordi vi visste at dei vart forseinka, medan andre må budsjetterast på nytt i 2016. For ingen av desse vert det totale prosjektbudsjettet for kvart einskild prosjekt endra, det er kun snakk om forskyving.

Rådmann gjer såleis framlegg om endring av budsjett på følgjande prosjekt:

103: Utbygging breiband

Tilskot kr 3,1 mill motteke i 2014 er avsett til kapitalfond. Prosjektet er godt i gong, men utbyggjar var ikkje heilt ferdig, og såleis er ikkje tilskotet utbetalt i 2015 slik det var planlagt.

577: Brannvarslingsanlegg Kyrkja

kr 388.000,- inkl. mva. Ikkje gjennomført i 2015, gjennomførast i 2016.

600: Vassleidning Ådlandsvågen – Landsvik

Budsjettert med kr 3 mill i 2015 og ytterlegare 12 mill i 2016. Rest kr 186.000,- som ikkje er brukt i 2015 overførast til 2016. Totalbudsjett for prosjektet er fortsatt kr 15 mill.

601: Fullrenseanlegg Hestdal

Forprosjekt er i arbeid. Kr 275.000,- av totalt budsjettert kr 500.000,- i 2015 ikkje brukt, og vert overført til 2016, slik at budsjettet for 2016 vert kr 2.775.000,-. Totalt prosjektbudsjett er uforandra på kr 45,2 mill.

603: Vassleidning Fløksand – Beitingen

Av budsjetterte midlar til prosjektet i 2015 med kr 3 mill. vart det brukt kr 525.000,-. I budsjettet for 2016 har ein allereie teke omsyn til deler av forskyvingane i dette prosjektet, og det er berre naudtynt å overføre kr 475.000,- av budsjettet i 2015 til 2016. Nytt budsjett for 2016 på kr 11.875.000,-. Totalt prosjektbudsjett er uforandra på kr 12,4 mill.

654: VA-kryssing E39

Arbeid som må gjerast i samband med vegutbetringa. Ingen påløpte kostnader i 2015, og budsjett på kr 0,5 mill. overførast til 2016. Totalt budsjett for 2016 vert dermed kr 1,5 mill.

750: Veglys Dalemarka

Påløpt i 2015 er kr 1,19 mill, som er kr 318.000,- meir enn budsjett på kr 875.000,-. Ein liten del av prosjektet gjenstår, og må budsjetterast ekstra i 2016 med kr 50.000,-.

778: Gangbru Mjåtveitvegen

Ikkje gjennomført som budsjettert i 2016, og buddsttert på nytt i 2016 med same sum kr 1,8 mill.

785: Aggregat Meland Sjukheim

Påløpt i 2015 er kr 642.000,- av budsjettsum på kr 3.750.000,-. Restbudsjett, avrunda til kr 3.140.000,-, vert overført frå 2015 til 2016.

786: Ladepunkt EL-bilar

Prosjektet ikkje ferdig, tilskot kjem ikkje til utbetaling før i 2016. Budsjettert sum i 2015, kr 312.500, runda ned til kr 311.000,- vert overført til 2016.

I sum vert investeringar på kr 10.175.000,- overført frå 2015 til 2016, og kr 50.000,- er nye investeringsmidlar i 2016 på prosjekt nr 750, Veglys Dalamerka. Tilsaman ei auke på kr 10.225.000,-. Investeringane vert budsjettert med kr 715.000,- i momsrefusjon, kr 6.410.000,- i ubrukte lånemidlar frå 2015 og kr 3.100.000,- i bruk av bundne kapitalfond.

Førebels rekneskap for 2015 viser at det er kr 13.375.000,- i lånemidlar budsjettert i 2015 som ikkje vert brukt på grunn av forskyving og mindreforbruk på diverse prosjekt. Det er difor tilstrekkeleg med midlar til å dekke auke i bruk av lånemidlar som skissert over.

I tillegg er tilskotet på kr 3,1 mill til breibandsutbygging avsett på kapitalfond.

Totalt aukar investeringsbudsjettet i 2016 med dette endringsframlegget til kr 178,2 mill.

Konklusjon

Tabell som viser endringane i investeringsbudsjettet for 2016 i dette framlegget.

Prosjekt	Budsjett- endringar 2016:	
103	UTBYGGING AV BREIBAND	3 100 000
577	BRANNVARSLINGSANLEGG KYRKJA	388 000
600	VASSLEIDNING ÅDLANDSVÅGEN - LANDSVIK	186 000
601	FULLRENSANLEGG HESTDALEN	275 000
603	VASSLEIDNING FLØKSAND - BEITINGEN	475 000
654	VA-KRYSSING E39	500 000
750	VEGLYS DALEMARKA	50 000
778	GANGBRU MJÅTVEITVEGEN	1 800 000
785	AGGREGAT MELAND SJUKEHEIM	3 140 000
786	LADEPUNKT ELBILAR	311 000
Sum endring investeringar 2016		10 225 000
REFUNDERT MVA INVESTERING		715 000
BRUK AV LÅNEMIDLAR		6 410 000
BRUK AV KAPITALFOND		3 100 000
Sum finansiering - endring 2016		10 225 000

Totalt revidert investeringsbudsjett for 2016 er lagt ved saksutgreiinga i eigen tabell.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endringar i budsjettet for 2016 slik:

Investeringsbudsjettet for 2016 vert auka med kr 10.225.000,- spesifisert på prosjekt som i tabellen i saksutgreiinga over.

Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne investeringsfond (breiband) kr 3.100.000,-
- b. Auke i bruk av lånemidlar: kr 6.410.000,-
- d. Auke i mva-refusjon kr 715.000,- »

Formannskapet - 20/2016

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endringar i budsjettet for 2016 slik:

Investeringsbudsjettet for 2016 vert auka med kr 10.225.000,- spesifisert på prosjekt som i tabellen i saksutgreiinga over.

Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne investeringsfond (breiband) kr 3.100.000,-
- b. Auke i bruk av lånemidlar: kr 6.410.000,-
- d. Auke i mva-refusjon kr 715.000,-.»

Kommunestyret - 21/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endringar i budsjettet for 2016 slik:

Investeringsbudsjettet for 2016 vert auka med kr 10.225.000,- spesifiserert på prosjekt som i tabellen i saksutgreiinga over.

Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne investeringsfond (breiband) kr 3.100.000,-
- b. Auke i bruk av lånemidlar: kr 6.410.000,-
- d. Auke i mva-refusjon kr 715.000,-.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M30, FA - M20, FE - 153	16/525

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
21/2016	Formannskapet	PS	02.03.2016
22/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Budsjettendring, omlegging vatn- og avlaupsleidningar Moldekleiv

Vedlegg:

Moldekleiv bilde med markering

Kart

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Grunneigar til gnr 27, bnr 193, Søre Heiane på Moldekleiv, har teke kontakt med kommunen då det ved graving på eigedomen vart avdekka vatn- og avlaupsleidningar som ikkje var registrert tidlegare. Grunneigaren skal setje opp ein 3,5 m høg mur i samsvar med godkjent løyve etter plan- og bygningslova. Muren er omfattande og krev ansvarleg foretak for gjennomføring. Gravemaskinføraren stoppa arbeidet då leidningane kom til syne. Situasjonen er vist på vedlagte bilete.

Administrasjonen har vore på staden og vurdert situasjonen, og køyrt kamerainspeksjon på vassleidningen. Det viser seg at dette er to hovudleidningar som vart lagt ned då Meland Utbyggingssselskap la til rette for utbygging i Moldekleiv-området. Kommunen overtok anlegget for drift og vedlikehald etter at det var meldt ferdigstilt. I leidningskartverket er leidningane plassert godt utanfor tomtegrensene, i skråningen nedanfor. Ved byggesaksbehandlinga er det derfor ikkje registrert noko atterhald eller særlege omsyn å ta. Det viser seg no at leidningane er lagt over alle byggetomtene. Dei ligg også under ein tilsvarande mur som er bygd på naboeigedomen, utan at dei vart oppdaga då denne muren vart oppført. Kamerainspeksjon syner tegn på overbelastning og fare for brot på den delen av vassleidningen som ligg under muren der.

Vurdering

Feilen ligg tilbake i tid og ein kan vanskeleg laste noverande grunneigarar for ikkje å ta omsyn til eksisterande kommunalt leidningsnett, som ikkje eingong er registrert rett i leidningskartverket. Det har heller ikkje vore grunnlag for administrasjonen å påpeike problemet. Det er krav om innmålingsdata for alle hovudleidningar før kommunen overtar anlegga for drift og vedlikehald, men dette har truleg ikkje vore praksis den gongen Moldekleivfeltet vart tilrettelagt. I leidningskartet er traséane her lagt inn slik dei er prosjektert.

Situasjonen kan løysast ved at leidningane blir lagt om utanfor tomtene, ned i skråningen der den skulle gått. Det gjeld for den tomta som no er aktuell å bygge på og for naboeigedomen som allereie

er bygd på, til saman om lag 60 m. Administrasjonen vurderer det som uforsvarleg å ikkje gripe inn med tiltak; eit leidningsbrot under ein mange meter høg mur vil ha fatale konsekvensar. Leidningane vil framleis ligge over dei øvrige tomtene i feltet, men her er det ikkje planlagt tilsvarande tiltak og terrenget er ikkje like bratt. Den delen meiner administrasjonen det ikkje hastar med å rette opp.

Det er mogeleg å sjå for seg at omlegginga vert utsett til tiltaket kjem inn i investeringsbudsjettet, men administrasjonen vurderer dette som risikofylt i tillegg til at kostnadene vert høgare. Sidan det alt er gravearbeid i området, er det ein del å spare på å få lagt om leidningane no, mellom kummar som ligg utanfor tomtegrensene. Det er gjort ei vurdering på pris og kommunen kan få arbeidet gjort for inntil kr 300 000,- innafor gjeldande rammeavtale med gravemaskinførarar. I denne summen ligg også noko oppryddingsarbeid ved kummane, m.a. få betre skilje mellom avlaups- og vassleidningen. Det hastar med å få saka avklart slik at kommunen slepp å betale for ventetida til maskinføraren.

I utgangspunktet er det derfor trong for ei tilleggsføring på kr 300 000,- i investeringsbudsjettet for VA-tiltaka.

Folkehelse: Ikkje aktuelt i denne saka.

Miljø: Ikkje aktuelt i denne saka.

Økonomi: Lånekostnaden vert finansiert innan sjølvkostområdet og lastar ikkje kommunen sitt driftsbudsjett elles. Summen er såpass liten at den ikkje vil påverke avgiftsnivået. Totalkostnaden vert høgare dersom arbeidet må utsetjast.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at investeringsramma for VA-tiltak i 2016 vert utvida med kr 300 000,- for oppgradering av ein delstrekning på hovudleidningsnettet på Moldekleiv.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 300 000. Summen vert finanseirt med bruk av unyttta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 300 000.»

Formannskapet - 21/2016

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 300 000. Summen vert finanseirt med bruk av unyttta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 300 000.»

Kommunestyret - 22/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 300 000. Summen vert finanseirt med bruk av unyttta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 300 000.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 200	16/537

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
19/2016	Formannskapet	PS	02.03.2016
23/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Finansrapport 2015

Vedlegg:

Meland kommune - Finansrapport 2015

Meland kommune - rapport gjeldsporteføljen - pr. 31.12.15

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er lenge sidan det har vore rapportert finansstatus ihht. det vedtekne Finansreglement for kommunen. Reglementet vart revidert siste gang i vedtak i sak 38/2015 i Kommunestyret 6. mai 2015. I reglementet står det at kommunen skal lage ein årsrapport ved årets utgang og elles ein rapportert tertialvis per 30. april og per 30. august i året.

Vedlagt følger første årsrapport ihht. det nye reglementet.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek Finansrapport for 2015 til vitande»

Formannskapet - 19/2016

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek Finansrapport for 2015 til vitande.»

Kommunestyret - 23/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret tek Finansrapport for 2015 til vitande.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &14	16/593

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Årsmelding om arbeidet i Fellesrådet 2015

Vedlegg:

årsmelding 2015

Årsmelding Fellesrådet 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne godkjent i møte 18.02.16 årsmelding for Fellesrådet dat. 09.02.16. I mandat for Fellesrådet § 2 står det at årsmelding skal leggjast fram for kommunestyret.

Framlegg til vedtak:

«Årsmelding for Fellesrådet dat. 09.02.16 vert godkjent slik den ligg føre.»

Kommunestyret - 24/2016

KS - behandling:

Framlegg til vedtakt frå Nils Marton Aadland, H:

"Kommunestyret tek årsmelding frå Fellesrådet dat. 09.02.16 til vitande."

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

"Kommunestyret tek årsmelding frå Fellesrådet dat. 09.02.16 til vitande."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	16/595

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
25/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Reglement for Meland Eldreråd

Vedlegg:

Reglement Eldrerådet
Reglement Meland Eldreråd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Eldrerådet godkjent utkast til reglement for Meland Eldreråd i møte 18.02.16. Etter lov om Eldreråd § 4, skal utkast til reglement leggjast fram for kommunestyret.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner Utkast til reglement for Eldrerådet i Meland slik det ligg føre.»

Kommunestyret - 25/2016

KS - behandling:

Marit Jøssang peika på at det sto varamedlem og varafolk.

Dette vil verte retta opp redaksjonelt.

KS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner Utkast til reglement for Eldrerådet i Meland slik det ligg føre.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FE - 482	15/1533

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
23/2016	Formannskapet	PS	02.03.2016
26/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Elbil strategi - kommunal tenestebilpark

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I juni 2015 vart det fremma ei politisk sak (FS-sak 73/15) om den kommunale tenestebilparken der administrasjonen fremma sak om anskaffing av fleire hybridbilar for å redusere klimagassutslepp frå den kommunale bilparken. I Formannskapet vart saka utsett. I samband med behandling av budsjett for 2016 (KS-sak 140/15) vart følgjande vedteke: «Kommunestyret vil også be om at rådmannen snarast legg fram sak om innkjøp av elbilar jfr. FS sak 73/15».

Vurdering

Meland kommune har ikkje elbilar i tenestebilparken i dag. Bilparken består av 36 bilar. Av desse er 21 bilar som går på bensin/diesel og 15 er hybridbilar. Størstedelen av bilparken består av mindre personbilar som primært vert nytta av heimetenestene. Ved utskifting av desse bilane vil det vere mogleg å gå over til elbilar ettersom det fins mange elbil alternativ på marknaden. Teknisk sektor har større varebilar, og her vil det vere vanskelegare å finne gode alternativ. Sannsynligvis vil dette endre seg dei næraste åra med nye modellar på marknaden.

Ved overgang til elbilar er det behov for fleire ladestasjonar. I dag er det berre to ladestasjonar i parkeringskjellaren på Meland sjukeheim. Elles er det to ladestasjonar på innfartsparkeringen på Frekhaug og tre hurtigladdestasjonar under planlegging på Frekhaug senter. Dette er offentlege ladestasjonar som ein ikkje kan vente er tilgjengeleg når det er behov. Kommunen må difor etablere fleire ladestasjonar som er forbeholdt den kommunale bilparken. Dette må gjerast før ein fornyar bilparken med elbilar. Det vil vere behov for å sette av investeringsmidlar for å bygge ut ladestasjonar. Nøyaktig kostnad vil administrasjonen kome tilbake til ved handsaming av økonomiplan 2017-2020.

For å sikre at elbil strategien vert ivareteke på ein god måte, og at detaljane knytt til kostnader og anskaffingsstrategi (kjøp eller leasing) vert nøyare kartlagt, vil det bli satt ned ei administrativ arbeidsgruppe. Uansett om ein velgjer kjøp eller leasing vil det måtte settast i gang ein anbudsprosess. Det same gjeld sannsynlegvis for anskaffing av ladestasjonar. Gruppen vil bestå av representantar frå heimetenestene og teknisk sektor som har ansvar for dei fleste bilane i dag.

Folkehelse – ikkje relevant
Miljø - mindre utslepp frå den kommunale bilparken
Økonomi – må utgreisast nærare

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret ber om at ein plan for overgang til el-bilar blir utarbeidd i 2016 og innarbeidd i økonomiplan investering. Ved utskifting av bilparken skal el-bilar veljast når det er driftsmessig mogeleg.»

Formannskapet - 23/2016

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

«Kommunestyret ber om at ein plan for overgang til el-bilar blir utarbeidd i 2016 og innarbeidd i økonomiplan investering. Ved utskifting av bilparken skal el-bilar veljast når det er driftsmessig mogeleg.»

Kommunestyret - 26/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret ber om at ein plan for overgang til el-bilar blir utarbeidd i 2016 og innarbeidd i økonomiplan investering. Ved utskifting av bilparken skal el-bilar veljast når det er driftsmessig mogeleg.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Johan Erstad	HistSak - 12/1154, FA - L13	14/1158

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Reguleringsplan Hoplandsdalen jorddeponi - Avklaring av redusert planforslag - Orientering til kommunestyret om avvisning av klage

Vedlegg:

Hoplandsdalen Opplysninger til videre saksgang 18012016

Hoplandsdalen Opplysninger til videre saksgang

Vedelgg - Hoplandsdalen Jordeponi

Reguleringsplan for Hoplandsdalen - Orientering om vidare saksgang - Frist for nye opplysningar

Orientering og delegert vedtak - Reguleringsplan for Hoplandsdalen

20150220082157

Hoplandsdalen jorddeponi - klage på vedtak

5103637-plankart_01_20140828

Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - klage på vedtak om avvisning av planforslag.

Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - 5.g.handsaming - Framlegg til godkjenning

1517_001

Hoplandsdalen jorddeponi - klage på vedtak

5103637-Føresegner Regplan Hoplandsdalen 20140828

Plankart Regplan Hoplandsdalen 021013

Vedtak Sak 094-13 - 4gh Off Ettersyn 101213

Føresegner Regplan Hoplandsdalen 220514

Saksopplysningar:

Saka gjeld:

På bakgrunn av ein formell feil i tidlegare saksframlegg til Kommunestyret ved handsaming av forslag om redusert planforslag for jorddeponi i Hoplandsdalen, vurderer administrasjonen det rett å orientere Kommunestyret om feilen og gi Kommunestyret høve til å vurdere sitt vedtak på nytt. Dette for å sikre at sakshandsaminga og Kommunestyret si avgjerd har grunnlag i korrekte opplysningar.

Vassbakk & Stol (her: forslagsstillar/tiltakshavar) har fremma privat planforslag for regulering av deponi for mottak av reine jordmassar i Hoplandsdalen i Meland kommune.

Spørsmålet Kommunestyret skal ta stilling til i føreliggjande sak kan oppsummerast gjennom følgjande to alternativ:

1. Kommunestyret held fast ved vedtaket av 15.10.14, sak 60/2014 om å avvise behandling av reduisert privat planforslag til regulering av Hoplandsdalen. Vedtaket inneber endeleg avgjerd av plansaka utan klagerett til UDU og/eller Fylkesmannen i Hordaland.

2. Kommunestyret ber administrasjonen behandle og saksføre eit reduisert planforslag for jorddeponi i Hoplandsdalen i samsvar med plan- og bygningslova sine reglar.

Kort historikk:

Kommunestyret i Meland gjorde 18.6.2014, sak 46/2014, følgjande vedtak:

«Meland kommunestyre avslår framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med plankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring. Dette med bakgrunn i de negative konsekvenser som tiltaket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støyproblematikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmeknappen».

Gjennom eit standardisert orienteringsskriv frå kommuneadministrasjonen ble det opplyst at dette vedtaket kunne påklagast som eit enkeltvedtak. Opplysninga om klagerett var feil. Kommunestyret sitt vedtak om å *ikkje* regulere eit område kan *ikkje* påklagast etter forvaltningslova og/eller plan- og bygningslova sine reglar. Det er Kommunestyret som eravgjerdsmynde i slike saker. Det er vedtak om å regulere eit område som kan påklagast.

På bakgrunn av opplysningane i det standardiserte orienteringsskrivet ble vedtaket likevel påklaga av forslagsstillar. Parallelt med klagen framsette forslagsstillar eit redusert planforslag der masseuttak/steinuttak ble tatt ut av planen. Det reduserte planforslaget ble fremma av administrasjonen for kommunestyret, som i sak 60/2015 gjorde følgjande vedtak:

«Kommunestyret ber UDU handsame klagesaka [klage over avvisningsvedtaket sitert ovanfor, adm.mrk.]

I etterkant av dette vedtaket har administrasjonen gjort vedtak om å *avvise* klagen frå forslagsstillar. Dette vedtaket er endeleg (rettskraftig).

Oversikt over saksframdrifta (ikkje uttømmende):

16.06.09 – Utval for drift og utvikling vedtar oppstart av reguleringsarbeidet.

18.06.14 – Kommunestyret treff vedtak om å ikkje vedta reguleringsplanforslaget (sak 46/2014).

23.06.14 – Forslagsstillar påklagar avvisningsvedtaket etter orientering om klagerett frå administrasjonen.

08.08.14 – Forslagsstillar oppmodar om ny behandling i Kommunestyret av redusert planforslag (masseuttak/steinuttak vert tatt ut av planen).

15.10.15 – Kommunestyret treff følgjande vedtak etter framlegg om redusert planforslag (sak 60/2014):

«Kommunestyret ber UDU handsame klagesaka».

Vedtaket innebar avvising av vidare behandling av redusert planforslag.

12.01.15 – Administrasjonen orienterer forslagsstillar om at Kommunestyret sitt vedtak av 8.6.15 ikkje kunne påklagast og at opplysningane om klagerett frå administrasjonen var feil.

19.02.15 – Administrasjonen gjer vedtak om å avvise klagen frå forslagsstillar (delegert sak 47/2015) og orienterar samtidig forslagsstillar om at spørsmålet om vidare handsaming av redusert planforslag vil bli fremma for Kommunestyret på nytt på grunn av feil informasjon om klagerett.

17.06.15 – Kommunestyret vedtar ny kommuneplan (arealdel). Jorddeponi i Hoplandsdalen ligg ikkje inne i kommuneplanen. Det er i det heile ikkje avsett areal for jorddeponi i Meland kommune.

Merknader frå forslagsstillar:

Administrasjonen har gjennom behandling av avvist klage orientert tiltakshavar om at spørsmålet om fortsatt behandling av redusert planforslag ville bli fremma for kommunestyret på nytt som følgje av feil opplysning om klagerett. Tiltakshavar har fått høve til å kome med merknader og har gjennom skriv dagsett 1.18.2016 opplyst følgjande:

«Vi viser til brev fra dere dater 4.12.2015 hvor det opplyses om at det reduserte planforslaget om jorddeponi i Meland kommune vil fremmes på nytt for kommunestyret i Meland.

Først vil vi si at vi setter stor pris på at administrasjonen, med bakgrunn i sakens historikk, vil gi kommunestyret muligheten til å håndtere denne saken på nytt, og vi samtidig får mulighet til å komme med ytterligere opplysninger i saken.

Vassbakk & Stol vil presisere overfor Meland kommune at det tiltaket som det nå skal tas stilling til er et redusert planforslag og at de ulemper som det har blitt fokusert på i media og blant politiske motstandere av planforslaget enten er fjernet eller foreslått redusert på annen måte. Vedlagt er kopi av presentasjon av det reduserte planforslaget som ble holdt for Utvalg for Drift og Utvikling (UDU) 2. desember 2014.

Vi vil også presisere at Vassbakk & Stol AS har investert i tomteareal på Mjåtveit Næringspark med den tanke om å etablere en avdeling i Meland. Et jorddeponi i Hoplandsdalen er en viktig del av forutsetningene for at Vassbakk & Stol valgte å investere i dette tomtearealet. På grunn av usikkerhet rundt Hoplandsdalen har bedriften valgt å utsette eventuell videre satsning i Meland kommune, og det er derfor kun gjort midlertidige investeringer på vår tomt på Mjåtveit.

Vassbakk & Stol ønsker å ha en sterk tilstedeværelse i Meland kommune. Et anlegg for mottak av jordmasser kombinert med vår prosjektbaserte entreprenørdrift vil være en viktig pådriver for økt satsning i Meland. Vi håper Meland kommune vil bidra til økte arbeidsplasser i regionen ved å legge til rette for vår satsning i kommunen.»

Administrasjonen oppmodar Kommunestyret til å gjennomgå presentasjon av redusert planforslag som ligg ved saksframstillinga. Følgjande informasjon kjem fram på side 6 i presentasjonen:

«Oppsummert

- V&S vil etablere et kommersielt drevet mottak med kontroll av deponerte masser
 - Kommunen behøver ikke tillate midlertidige og 'ubemannede deponi' med lite eller ingen kontroll over deponerte masser
- Beliggenheten ift. kommunesenter samt planlagt utbygging i nærområdene sikrer en minimal trafikkbelastning på kommunens vegnett som følge av lange avstander for deponering av overskuddsmasser
- Oppgradering av FV247 – kostnadsestimert til 8,4 MNOK i 2011
 - Sikker veg til og fra barnehage og kulturtilbud fra eksisterende tettbebyggelse på Holme samt fra planlagte nye boligfelt i nærområdet
- Etablering av ca. 90da nytt dyrkbar landbruksareal etter endt drift
 - Inklusive alternativ adkomstveg for Hoplandsvegen
- Etablering av ny næringsvirksomhet
 - 2-4 årsverk knyttet opp mot Hoplandsdalen
 - Vil styrke V&S satsning i Meland»

Tilhøvet til kommuneplanen sin arealdel – Vedteke 17.6.2015:

Arealet er som nemnd ovanfor ikkje avsett til jorddeponi i kommuneplanen, men i hovudsak til landbruksareal. Dette som følge av at kommunestyret avviste planforslaget 18.6.2014. Dersom kommunestyret treff vedtak om at administrasjonen skal behandle og saksførebu det reduserte planforslaget, må forslagstillar og administrasjonen gjennom denne prosessen tilpasse redusert plan til kommuneplanen slik den gjeld i dag. Dette er ikkje vesentleg annleis enn situasjonen ved behandlinga av planen sist. Gjeldande kommuneplan har ikkje avsett areal i området til formål som kjem i direkte arealkonflikt med jorddeponiet.

VURDERING:

Fordelar og ulemper med forslag til redusert plan:

Framlegget til reguleringsplan for jorddeponi i Hoplandsdalen har blitt fremma fleire gonger for kommunestyret. Planområdet for redusert planforslag er det same, men framstår no som eit reint jorddeponi.

I fylgje forslagsstillar vil maksnivået for støy bli vesentleg redusert, då det ikkje blir aktuelt korkje å sprenga eller knusa stein i reguleringsområdet utover anleggsfasen (oppstartsfasen). Produksjonen av fint støv vil òg bli redusert. Forslagsstillar føreset at denne reduksjonen av tiltaket kan behandlast som ein del av den framlagte reguleringsplanen, og at det ikkje blir stilt krav om utarbeiding av ny reguleringsplan. Vidare prosess knytt til behandling av redusert planforslag må administrasjonen ta stilling til dersom Kommunestyret treff vedtak som tilseier fortsatt behandling.

Gjennom tidlegare saksframlegg har administrasjonen gitt uttrykk for fordelar og ulemper med regulering til jorddeponi på Hopland, sjå vedlegg. Det er ikkje avsett areal til – eller konkrete planar for utvikling av – andre jorddeponi i kommunen av storleik og kapasitet som føreliggjande forslag.

Forslagsstillar framheva i klagen over kommunestyret sitt avvisningsvedtak 18.6.14 følgjande moment:

- tiltaket har blitt positivt motteke av regionale offentlege instansar
- eit jorddeponi vil gi fordelar for framtidige byggeprosjekt i kommunen

- forslagsstillar har under heile prosessen har innretta planen etter kommunale vedtak
- tiltaket vil innebere opprusting av vegnettet og ny gang- og sykkelsti
- tiltaket vil gi 90 daa fulldyrka jordbruksareal

Forslagsstillar har tidlegare opplyst at ein vil vurdere krav om erstatning mot kommunen for utgiftene føretaket har hatt i samband med behandlinga av reguleringsplanen. Kommunestyret må vurdere om det er hensiktsmessig å gå vidare med eit redusert planforslag dersom moglegheitene for at ein slik plan uansett blir avvist til slutt er nærliggande.

I saksframlegget før kommunestyret si behandling av saka 18.6.2014 ble følgjande opplyst:

«Det er frå tidlegare ikkje lagt skjul på at ei godkjenning og gjennomføring av plan vil ha konsekvensar i form av støy og transport. Samstundes vil der vere positive verknader både på kort og lang sikt. All den tid det er utbyggingsinteresser i kommunen og regionen, vil transporten av jord og stein gå på vegane uansett. Denne type deponi kan vere med å gi meir føreseieleg handtering av store volum og meir ryddige tilhøve for omgjevnadane. Lokalisering av denne type anlegg har og vil føre med seg diskusjon då anlegga er både fornuftige og naudsynte, men samstundes har konsekvensar. Målsettinga vert å minimalisere dei negative i størst mogleg grad, men samstundes gje ramme for ein effektiv drift. Dei tiltaka som ligg inne i plan som gjeld omsyn til omgjevnadane er i tråd med dei føringane som gjeld for opparbeiding og gjennomføring av denne type anlegg.»

Framlegg til vedtak:

Saka blir som nemnt fremma for kommunestyret på nytt som følgje av feil opplysningar om klagerett ved førre handsaming. Administrasjonen fremmar to alternative framlegg til vedtak for kommunestyret, jf nedanfor.

Framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Kommunestyret held fast ved vedtaket av 15.10.14, sak 60/2014 om å avvise behandling av redusert privat planforslag til regulering av Hoplandsdalen. Vedtaket inneber endeleg avgjerd av plansaka utan klagerett til UDU og/eller Fylkesmannen i Hordaland.

Alternativ 2:

Kommunestyret ber administrasjonen behandle og saksførebu eit redusert planforslag for jorddeponi i Hoplandsdalen i samsvar med plan- og bygningslova sine reglar.

Kommunestyret - 27/2016

KS - behandling:

Thomas Wallem bad om at hans habilitet vart vurdert, og gjekk frå ved handsaminga av spørsmål om hans habilitet.

Per Kristian bad om vurdering av hans habilitet og gjekk frå ved handsaminga av spørsmål om hans habilitet.

Framlegg til vedtak frå Øyvind Oddeklav, AP:

"Thomas H. Wallem vert erklært inhabil i saka."

Dette framlegget vart vedteke mot 1 røyst, (V).

Framlegg til vedtak frå Øyvind Oddekalv, AP:

"Per Kristian Holmetun vert erklært habil i saka."

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

Deretter tok Marthe Aadland og Per Kristian Holmetun sete.

Tilleggsframlegg frå H, KrF, SP, AP v/Nils Marton Aadland.

"Kommunestyret ber administrasjonen vurdere etablering av jorddeponi i samband med rullering av kommuneplanens arealdel (KPA)."

Det vart føreteke prøverøysting.

Avrøysting:

Alternativ 1 i framlegg til vedtaket fekk 23 røyster for, (Ap, H, FrP, SP, V, MDG, BF), 3 røyster mot, (KrF), og er såleis vedteke.

Tilleggsframlegget frå H, KrF, SP og AP fekk 20 røyster for, (7 AP, 5 H, 2 FrP, 3 SP, 3 KrF), 6 røyster mot, (1 FrP, 2 MDG, 2 V, 1 BF), og er såleis vedteke.

KS - vedtak:

"Kommunestyret held fast ved vedtaket av 15.10.14, sak 60/2014 om å avvise behandling av redusert privat planforslag til regulering av Hoplandsdalen. Vedtaket inneber endeleg avgjerd av plansaka utan klagerett til UDU og/eller Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunestyret ber administrasjonen vurdere etablering av jorddeponi i samband med rullering av kommuneplanens arealdel (KPA)."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C50	15/2324

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
22/2016	Utval for levekår	PS	08.03.2016
28/2016	Kommunestyret	PS	16.03.2016

Framdriftsplan for gamle Holsnøy meieri til kulturføremål

Vedlegg:

Vegen vidare for ungdomsklubb i Meland kommune

Bruk av Holsnøy gamle meieri til kulturføremål

Vedlegg meieriet - bilde og illustrasjonar

Framtidig bruk av Holsnøy Meieri - Særutskrift frå sak i UR 26.11.15, sak 17/2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I møte den 19.1.2016 vedtok Utval for levekår i ULK-04/2016, 15/2324 -4, at «...*Det vert oppretta ei administrativ arbeidsgruppe med mandat å prosjektere å ta vare på Holsnøy meieri til kulturføremål. Utval for levekår ber om at det vert gjeve løypemelding/framdriftsplan i neste møte*»

Vurdering

Oppdraget til ei slik gruppe må vere å utarbeide eit så klart prosjekt som mogleg, som kan takast stilling til med tanke på gjennomføring.

Ei førebels administrativ arbeidsgruppe, samansett av Ronny Landaas, Alexander Helle og Eirik Bouwer Utne, har sett på korleis arbeidet med å få fram eit ferdig prosjekt for meieriet til kulturføremål kan skride fram. Som skissert tidlegare, er det tre hovudutfordringar i prosjektet, utover det å utarbeide eit ferdig framlegg for meieriet: ei god alternativ løysing for dagens bruk av bygget til verkstad og lager, finansiering av prosjektet utover spelemidlar, andre tilskot og bidrag og til sist ei finansiering av drifta av bygget og tilbodet.

Prosjektet treng detaljert og stadfesta kostnadsanalyse, forarbeid med arkitekt, godkjente teikningar, plan for kulturtekniske installasjonar og ein omfattande runde med lag og organisasjonar for å sikre at bygget vert fleksibelt og tenleg for flest mogleg.

Mars-april 2016	Vidare utarbeiding av konsept og behovsutgreiing. Interne kostnadsutgreiingar. Vurdere alternativ for eksisterande bruk. Presentasjon politiske organ. Økonomiplan 2017.
August-oktober 2016	Møte med lag og organisasjonar gjeldande behovsutgreiinga. Presentasjon politiske organ.

Oktober – desember 2016	Førebuing av å hente inn konsulent-/arkitektteneste. Handsaming av finansiering meieriet og alternativ for dagens bruk
Januar – juni 2017 (dersom finansiering er på plass)	Forprosjekt meieriet, prosjekt verkstad/lager, handsaming av spelemiddelsøknad, andre tilskotsordningar
Juni – september 2017	Innhenting av anbod, godkjenningar
Oktober 2017 – januar 2018	Gjennomføring av rehabilitering meieriet og alternativ for verkstad/lager
Februar 2018	Opning

Det vil vere naturleg å sjå på alternativ for dagens bruk av bygget til verkstad og lager, og finansiering av denne, på same tid. Det er realistisk å forvente opning første kvartal 2018, dersom det kjem på plass finansiering mot 2017 og ein finn eit alternativ for dagens bruk, som kan gjennomførast på same tid. Det vil ikkje vere knytt kostnadar til saka før eit eventuelt forprosjekt vert sett i gang, noko som først skjer etter finansiering eventuelt er på plass.

Folkehelse

Ikkje vurdert i saka

Miljø

Ikkje vurdert i saka

Økonomi

Eit ferdig prosjektert bygg vil medføre kostnadar

Konklusjon

Løypemeldinga ligg føre og viser til framdriftsplanen for å rehabilitering meieriet til kulturføremål. Realisering av framdriftsplanen er avhengig av finansiering av prosjektet.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek løypemeldinga til vitande og godkjenn arbeidsopplegget i framdriftsplanen.

Utval for levekår - 22/2016

ULK - behandling:

Endringsframlegg i møte frå rådmann:

"Kommunestyret godkjenner at gamle Holsnøy meieri vert nytta til kulturføremål. Kommunestyret tek løypemelding til vitande og godkjenner arbeidsopplegget framdriftsplanen legg opp til."

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Stian Lavik (Krf):

"Drift og eigar tilhøve vert utgreia og presentert for kommunestyret hausten 2016."

Tilleggsframlegget fekk **2 røyster for** (1 KrF, 1 Frp) og **7 røyster mot** (1 Sp, 2 AP, 2 H, 1 V, 1 MDG), og **fall**.

ULK – framlegg til vedtak:

"Kommunestyret godkjenner at gamle Holsnøy meieri vert nytta til kulturføremål. Kommunestyret tek løypemelding til vitande og godkjenner arbeidsopplegget framdriftsplanen legg opp til."

Kommunestyret - 28/2016

KS - behandling:

Alternativt framlegg til vedtak frå Tormod Skurtveit, AP:

"Kommunestyret tek løypemelding til vitande og godkjenner arbeidsopplegget i framdriftsplanen.

Kommunestyret ber rådmannen legge fram konsept og behovsutgreiing (inkl. økonomi), med tanke på bruk av meieriet til kulturføremål, i samband med økonomiplanarbeidet."

Tilleggsframlegg frå Stian Lavik, KrF:

"I tråd med arbeidsplanen skal det leggast fram ei vurdering av eigarform, driftsform og kva ein ser for seg av aktivitet i bygget. Dette skal leggast fram for politiske organ til drøfting og avgjerd."

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Tormod Skurtveit fekk 25 røyster for, (AP, H, FrP, SP, KrF, V, MDG), 1 røyst mot, (BF), og er såleis vedteke.

Tilleggsframlegget frå Stian Lavik fekk 9 røyster for, (3 KrF, 5 H, 1 AP), 17 røyster mot, (6 AP, 3 SP, 3 FrP, 2 V, 2 MDG, 1 BF), og fall.

KS - vedtak:

"Kommunestyret tek løypemelding til vitande og godkjenner arbeidsopplegget i framdriftsplanen.

Kommunestyret ber rådmannen legge fram konsept og behovsutgreiing (inkl. økonomi), med tanke på bruk av meieriet til kulturføremål, i samband med økonomiplanarbeidet."